

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 24.11.2014  
**SAKSHANDSAMAR:** **Haakon Totland**  
**SAKA GJELD:** **Internrevisjonsrapport om anskaffing og vedlikehold av medisinsk-teknisk utstyr (MTU)**

**ARKIVSAK:** 2014/656/  
**STYRESAK:** 143/14

**STYREMØTE:** 08.12. 2014

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

## Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av medisinsk-teknisk utstyr (MTU) i Helse Vest. Undersøkinga har omfatta dei fire helseføretaka i helseregionen samt Helse Vest RHF.

Formålet med internrevisjonen var å sjå korleis helseføretaka arbeider for at det medisinsk-tekniske utstyret (MTU) blir anskaffa, halde ved like og avhenda på eit trygt, kostnadseffektivt og formålstenleg vis.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at føretaka ser ut til å ha tilfredstillande system og kontroll over det medisinsk-tekniske utstyret sitt. Rutinane for anskaffing og drift synest å vere tilfredsstillande, sett i føretaksperspektiv. Føretaka har i liten grad samarbeidd om anskaffing eller drift av utstyr; det same gjeld utvikling av felles rutinar for opplæring og vedlikehald. RHF-et si involvering har hovudsakleg skjedd innan tilrettelegging og utvikling av felles systemløyisingar.

## Fakta

Problemstillingane i undersøkinga var:

1. Kva for planleggingsprosess ligg til grunn for dei ulike utstyrsanskaffingane og finansieringa bak dei?
2. Korleis vert dei ulike omsyna i innkjøpsprosessane sikra? (Standardisering av utstyrsark, krav i regelverket for offentlege anskaffingar, osv.)
3. Kva for risikovurderingar er gjort, og korleis handterer ein den risikoen som er identifisert?
4. Kva for krav og praksis har helseføretaka for opplæring og instruksjon i sikker bruk av MTU?
5. Kva for krav og praksis har ein for drift og vedlikehald?
6. Kva typar uhell og skader har skjedd i bruken av MTU? Kva for konsekvensar har desse hatt (for utstyret, for personalet, for pasientane)?

Kva for krav og praksis har ein for utfasing og avhending av gammalt utstyr?

## Kommentarar

Undersøkinga har ikkje sett etter feil og manglar i enkeltføretak, men søkt etter fellesnemnarar som kjenneteiknar området og som har potensiale for utvikling i fellesskap.

Internrevisjonen vurderer det slik at organisasjonen er moden for å prøve ut regionale løysingar der det gir gevinstar.

Samstundes er det utfordringar innan området som ein bør sjå nærare på, og internrevisjonen kjem med fleire tilrådingar. Dei fleste er retta mot helseføretaka, medan nokre er retta direkte til RHF-et.

Vedlegg

Revisjonsrapport – Anskaffing og vedlikehald av medisinsk-teknisk utstyr (MTU)